



Ingen har reist meir med Hardangerfjordekspresen enn Reidar Myklebust.

Hardangerfjordmagasiner med redaktør Sigurd Vikøren er inne i sin 12. årgang. Med eit opplag på 5000 eks og distribuert til regionane Hardanger, Sunnhordland og Haugalandet er magasinet eit viktig organ for kultur, næring og reiseliv. Det er skuffande lite stoff frå Uskedalen, men det gler oss å lesa om den mest resisande med Rødneruta sidan oppstarten i januar 2007, nemleg Reidar Myklebust.

Professor emeritus, Reidar Myklebust, har reist med Hardangerfjordekspresen dagleg frå ruta starta til han vart pensjonist i 2015, tilsaman 9 år. Dei to siste åra ved gjesteførelingar og andre studentoppdrag har han alltid brukt den same ruta.

Reidar fortel at Rødneruta er den beste kommunikasjonen med Bergen. Med buss frå Uskedal kl. 06.30 og båtavgang kl. 06.50 er han klar for å stiga på bussen til Haukeland sjukehus før kl. 09. Myklebust har funne si reiseform. Han les eller høyrer på musikk og turen vert aldri oppfatta som stressande eller kjedeleg.

Reidar rosar selskapet for god regularitet og mannskapet for god service. Det er viktig å ta med at det var Reidar Myklebust som vann fram med namnet på snøggåten, RYGERFONN.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Frå artikkelen i Hardangerfjordmagasinet.